

Du lever godt med oss

SOM MEDLEM HOS STATENS PENSJONSKASSE
FÅR DU MANGE FORDELAR

Pensjon

NOREGS BESTE
PENSJONSORDNING



Bustadlån

EIT AV DEI BESTE BUSTAD-
LÅNA PÅ MARKNADEN



Forsikring

FRÅ DAG ÉIN



Pensjon

VISSTE DU AT DU SOM MEDLEM HOS OSS HAR DEN BESTE PENSJONSORDNINGA I NOREG?

Når du betaler tusen kroner inn til oss, betaler arbeidsgivaren din heile fem eller seks tusen kroner til pensjonen din. Få andre pensjonsordningar kan garantere deg minst 66 prosent av sluttlønna di i samla alderspensjon ved full stilling og full opptening. I tillegg er du uføreforsikra frå første dag.

I Noreg er alle sikra pensjon frå folketrygda, men den pensjonen er som regel mykje lågare enn lønna di. Som medlem i Statens Pensjonskasse vil du komme betre ut enn dei fleste når du pensjonerer deg. Mange tenestepensjonar er avhengige av kor mykje arbeidsgivaren din har betalt inn til pensjonsordninga. Ein pensjon frå Statens Pensjonskasse blir rekna ut frå kor mykje du tener når du sluttar.

UFØREPENSJON DU KAN LEVE AV

Uførepensjon i Statens Pensjonskasse gir deg og familien din større økonomiske tryggleik enn om du berre skulle ha fått pensjon frå folketrygda. Medlemskap hos oss gir deg uførepensjon uavhengig av om uførleiken er mellombels eller varig, og uavhengig av årsak og uføregrad. Mens du mottok uførepensjon, held oppteninga til alderspensjon fram.

VI TEK VARE PÅ FAMILIEN DIN

Ektefellen din, partnaren din og barna dine kan ha rett til attlevandepensjon dersom du skulle dø. Pensjonen skal dekkje noko av inntektstapet familien får. Det finst to typar attlevandepensjon: ektefellepensjon og barnpensjon. Ektefellepensjon blir gitt til ektefellar og registrerte partnarar. Sambuarar har ikkje krav på ektefellepensjon. Barn får barnpensjon fram til dei fyller 20 år.

Du lever godt med oss




VENNER LIKEVEL

Skifter du mellom jobb i privat og offentlig sektor, kan det vere vanskeleg å vite kva du får i pensjon. Du kan likevel vere trygg på at vi held orden på pensjonsrettane dine. Når du vurderer å bytte jobb, er det lurt å sjekke konsekvensane for pensjonen din.

EKSEMPEL

Ein privat arbeidsgivar må betale minst to prosent av lønna di i pensjon (innskøtspensjonsordning). Dersom du tener 350 000 kroner per år, utgjør denne pensjonsinnbetalinga ca. 5 600 kroner i året. Er du medlem i Statens Pensjonskasse, betaler arbeidsgivaren ca. 40 000 kroner til pensjonen din i året. På berre eitt år vil du dermed spare opp nesten 35 000 kroner meir til pensjon hos oss enn hos ein privat arbeidsgivar. Dessutan vil pensjonen frå oss bli verande like stor så lenge du lever, mens pensjonen frå ei privat ordning ofte tek slutt når du fyller 77 år.



Bustadlån

VISSTE DU AT DU SOM MEDLEM HOS OSS KAN FÅ EIT AV DEI BESTE BUSTADLÅNA PÅ MARKNADEN?

Bustadrenta i Statens Pensjonskasse ligg i gjennomsnitt eitt prosentpoeng under marknadsrenta. Det betyr at du med eit lån på 1,5 millionar kan spare 15 000 kroner i året ved å ha lånet hos Statens Pensjonskasse, samanlikna med ein ordinær bank.

DU KAN LÅNE 1,5 MILLIONAR


Bustadlån i Statens Pensjonskasse er eit tilbod til alle medlemmene våre. Både du som er i jobb, og du som er pensjonist, og som tidlegare har vore medlem hos oss, kan få lån. Du kan låne inntil 1,5 millionar kroner. Er de to i husstanden som er medlemmer, kan de låne tre millionar kroner til saman. Ikkje berre er renta vår ei av dei beste på marknaden, dei generelle lånevilkåra er også gode. For eksempel kan du velje å betale ned lånet over 30 år, og fem av åra kan vere avdragsfrie.

DU SPARER TUSENVIS AV KRONER

Renta vår på bustadlån har i gjennomsnitt lege eitt prosentpoeng under marknadsrenta heilt sidan 2004. Det viser tal frå Statistisk sentralbyrå. Det betyr at med eit lån på 1,5 millionar kan du spare 15 000 kroner i året ved å ha lånet hos Statens Pensjonskasse samanlikna med ein ordinær bank. Over ein fireårsperiode inneber det at du har 60 000 kroner meir å bruke på viktige ting i kvardagen, som for eksempel feriar og familien.

Du kan bruke lånet til kjøp av bustad, eller til refinansiering, skifteoppgjjer eller oppussing av bustaden.


Du lever godt med oss



EKSEMPEL

Grafen under viser renta på bustadlån hos oss frå september 2004 til desember 2008, samanlikna med den gjennomsnittlege renta hos ordinære bankar. Renta i Statens Pensjonskasse blir regulert på ein annan måte enn renta i bankane. Når renta blir sett ned fleire gonger tett på kvarandre, vil renta vår kunne hengje etter og vere høgare enn marknadsrenta ein periode. Når renta går opp fleire gonger tett på kvarandre, skjer det motsette, ved at det tek lengre tid før renta vår blir sett opp. Over tid viser statistikken at renta vår er den lågaste, sjå grafen under.

GJENNOMSNIITTSRENTA FOR BANKAR OG STATENS PENSJONSKASSE



Forsikring

VISSTE DU AT DU OG FAMILIEN DIN ER SIKRA ERSTATNING DERSOM DU SKULLE BLI SKADD ELLER DØY?

Gruppelivsordninga i Statens Pensjonskasse er ein tryggelik for familien din dersom du skulle døy før du når pensjonsalderen. Statens Pensjonskasse administrerer også yrkesskade-forsikringa for dei fleste tilsette i staten.

FAMILIEN DIN ER I TRYGGJE HENDER HOS OSS

Dei fleste medlemmene i Statens Pensjonskasse har også ei gruppelivsordning hos oss. Ordninga sikrar familien eit eingongsbeløp dersom du skulle falle frå før du når pensjonsalderen. Familien din får utbetalt eit eingongsbeløp uansett kva som er årsaka til dødsfallet, eller kvar dødsfallet skjer. Gruppelivsordninga sikrar både partnaren din og barna dine. Deltidstilsette har dei same rettane som heiltidstilsette.

Merk at ikkje alle medlemmene i Statens Pensjonskasse har gruppelivsordning hos oss, så spør arbeidsgivaren din om du har dette.

VI TEK VARE PÅ DEG

Alle arbeidstakarar er omfatta av lov om yrkesskedeforsikring, som blant anna kan gi meinerstatning og erstatning for tapt arbeidsinntekt, eller erstatning til familien ved dødsfall.

Yrkesskadeordninga sikrar deg frå første arbeidsdag. Blir du utsett for eit arbeidsuhell eller ein yrkessjukdom, kan du få erstatning som blant anna er meint å skulle dekkje inntektstapet fram til pensjonsalderen. Skaden må ha skjedd i arbeid, på arbeidstaden og i arbeidstida og falle innfor definisjonen av arbeidsulykke eller yrkessjukdom i lova.

Du lever godt med oss



Som statstilsett sikrar tariffavtalane i staten deg ekstra rettar ved yrkesskade og på tenestereise. Det gir deg blant anna

- › I nokre tilfelle betre erstatning ved yrkesskade.
- › Ulykkesdekking på tenestereiser.

EKSEMPEL

Gruppelivsordninga sikrar barna dine og ektefellen din økonomisk dersom du skulle falle frå. Har du gruppelivsordning hos Statens Pensjonskasse, vil ektefelle, sambuar eller partnar få utbetalt eit eingongsbeløp på 10 G, det vil per 1. mai 2008 seie 702 560 kroner, dersom du skulle døy. (G er lik grunnbeløpet i folketrygda og blir justert kvart år.) Har du barn som er under 25 år, får kvart av desse i tillegg utbetalt eit eingongsbeløp på 4 G, det vil seie 281 024 kroner per 1. mai 2008.

EKSEMPEL

Blir du utsett for ein yrkesskade, sikrar yrkesskedeforsikringa deg dekking av utgifter, meinerstatning og erstatning for inntektstap. Føresegnene i Hovudtariffavtalen garanterer deg eit minstebeløp på inntil 15 G, avhengig av graden av uførleik. 15 G utgjer 1 053 840 kroner per 1. mai 2008.

Yrkesskedeforsikringa vil også sikre familien din økonomisk dersom du skulle falle frå. Partnaren din kan få inntil 15 G, som per 1. mai 2008 utgjer 1 053 840 kroner. I tillegg får kvart av barna under 20 år eit beløp som varierer med kor gammalt barnet er. Utbetalinga blir til ein viss grad samordna med utbetaling frå gruppelivsordninga.

www.spk.no

På www.spk.no kan du finne ut

- › kor mykje du sparer ved å flytte bustadlånet ditt til oss
- › kor stor pensjonen din vert
- › om pensjonsrettane dine er rett registrerte